

Eigenerklæring av eigarskap til offentlig veg- eller jernbanegrund som skal først i matrikkelen

Fastsett i medhald av matrikkelforskrifta av 26. juni 2009 § 9 niande ledd, gjeven i medhald av matrikkellova av 17. juni 2005 nr. 101 § 24



1. Namn på offentlig verksemd	
Namn	Organisasjonsnummer
Adresse	
Postnummer	Poststad

2. Eigeendom/matrikkeleining – type erklæring	
Kryss av for eitt alternativ per skjema. Kart som viser situasjonen skal følgje med.	
<input type="checkbox"/>	A. Matrikulering av eksisterande, umatrikulert grunneigeendom eller umatrikulert festegrund, jf. matrikkellova § 13. Skildring av eigedommen:
<input type="checkbox"/>	B. Oppretting av ny matrikkeleining frå ei eller fleire matrikkeleiningar, jf. matrikkellova § 6. Matrikkeleining(ar) som gjev frå seg areal til ny matrikkeleining (knr/gnr/bnr/fnr og ca. areal):
<input type="checkbox"/>	C. Arealoverføring, endring av festegrund eller grensejustering til eksisterande matrikkeleining, jf. matrikkellova §§ 15 og 16. Matrikkeleining som får areal (knr/gnr/bnr/fnr): Matrikkeleining(ar) som gjev frå seg areal (knr/gnr/bnr/fnr og ca. areal):

3. Erklæring og signatur (frå eigar/festar/erhvervar av grunn til offentlig veg og jernbane)	
Vi erklærer at arealet er erverva til bruk for offentlig veg- eller jernbanegrund, og er eigd av vedkomande offentlege verksemd.	
Stad og dato	Underskrift

Rettleiing	
Til punkt 1	
<p>Denne eigenerklæringa skal brukast av stat, statsføretak, fylkeskommune eller kommune. Namn, organisasjonsnummer og andre kontaktopplysningar skal fyllast ut. Dersom verksemda har delegert fullmakt til leverandørar eller andre verksemdar o.l. må vedkomande kontaktopplysningar gjevast opp i eige skriv.</p> <p>Eigenerklæringa blir brukt til å stadfeste eigedomsrett til offentlig veg- eller jernbanegrund i sak som gjeld:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Matrikulering av umatrikulert grunneigedom eller festegrund • Oppretting av ny matrikkeleining • Arealoverføring, endring av festegrund eller grensejustering <p>Skjemaet skal sendast til den kommunen der veg- eller jernbanegrunden ligg. Det skal være vedlegg til rekvisisjon av oppmålingsforretning, og krav om saker som ikkje krev oppmålingsforretning.</p> <p>Eigenerklæringa skal leggjast ved varsel om oppmålingsforretning, eventuelt i førehandsvarsel i saker som ikkje krev oppmålingsforretning. Kartvedlegg basert på matrikkelen som viser aktuelt areal, skal være vedlagt.</p> <p>Bruk eige ark som vedlegg ved behov for meir plass til utfyllinga.</p>	
Til punkt 2	
Alternativ A	<p>Feltet skal brukast ved oppmålingsforretning som gjeld matrikulering av umatrikulert grunn. Eigedommen må vere omfatta av definisjonen i matrikkelforskrifta § 2 bokstav l). Vilkåret er at eigedommen må være lovleg oppretta før grunneigedomsdelen av GAB-registeret ble sett i kraft i den aktuelle kommunen. Eigedommen må være etablert i samsvar med reglene som gjaldt på det aktuelle tidspunktet. Eigedommen kan ikkje være tildelt matrikelnummer frå før.</p> <p>Dette feltet skal fyllast ut med nemning for eigedommen det gjeld. Matrikelnummer blir tildelt ved matrikkelføring av oppmålingsforretninga.</p> <p>Eksempel på skildring:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Erklæringa gjeld heile FV 123 i Andeby kommune, og er eigd av Gåserud fylkeskommune. 2. Erklæringa gjeld FV 123 der veggen grensar til gnr. 1 og 2 i Andeby kommune, og blir eigd av Gåserud fylkeskommune.
Alternativ B	<p>Feltet skal brukast der det er erverva grunn som inngår i oppmålingsforretning med oppretting av ny matrikkeleining. Ein må gje opp kva for matrikkeleining den nye matrikkeleininga blir utskilt frå. Bruk alternativ nemning dersom det er ervervet grunn frå umatrikulerte einingar.</p>
Alternativ C	<p>Feltet skal brukast der det er erverva tilleggsareal til ei bestående matrikkeleining som blir brukt til offentlig veg- eller jernbanegrund. Ein kan gjennomføre oppmålingsforretning med arealoverføring, endring av festegrund eller grensejustering. Ein må gje opp både kva for matrikkeleining som er mottakar av areal, og kva for matrikkeleining(ar) arealet er gjeve frå. Bruk eitt skjema for kvar matrikkeleining som er mottakar av areal. Bruk alternativ nemning dersom det er erverva grunn frå umatrikulerte einingar.</p>
Til punkt 3	
<p>Eigenerklæringa er ikkje eit verkemiddel for å skaffe seg eigedomsretten, men ei stadfesting på at det faktisk er staten, statsføretaket, fylkeskommunen eller kommunen som er eigar. Verksemda som gjev frå seg eigenerklæringa må ha skaffa seg eigedomsretten gjennom erverv eller på annan måte på eit tidlegare tidspunkt.</p> <p>Eigenerklæringa kan ikkje brukast for å skaffe grunnboksheimel etter tinglysningslova § 38 B. Dersom grunden skal tinglysast, må dette krevjast særskilt.</p> <p>Eigenerklæringa skal underskrivast av nokon med signaturrett for den offentlege verksemda som stadfester eigedomsretten. Det er den aktuelle verksemda sitt ansvar å sørgje for delegasjon av fullmakt, og at opplysningane som blir gjevne er rette. Etter straffelova § 365 er det straffbart å gje frå seg eigenerklæring med urette opplysningar. Matrikelstyresmaktene vil leggje til grunn dei oppgjevne opplysningane ved registrering i matrikkelen.</p> <p>Panterett for grunn som er erverva fell bort ved denne eigenerklæringa, jf. pantelova § 1-11, fjerde ledd:</p> <p><i>«Panterett i fast eiendom som erverves av stat, statsføretak, fylkeskommune eller kommune til veg- eller jernbaneformål, faller bort ved ervervet. Bestemmelsen i første ledd annet punktum gjelder tilsvarende også ved erverv av helt panteobjekt. Dersom gjenværende eiendom ikke gir full sikkerhet, skal vedkommende myndighet sørge for at panthaveren får sin del av kjøpesummen før eieren.»</i></p>	